



Helse- og omsorgsdepartementet

Vår ref.  
12/573-15/K2-U62, K2-U63/MKHE

Dykkar ref.

Dato:  
Florø: 22.11.2013

## HØYRINGSUTTALE OM ENDRINGAR I ALKOHOLREGELVERKET

Viser til dykkar brev med ref. 13/4084- datert 8.10.2013.

Helse- og sosialutvalet i Flora kommune handsama høyringsuttala frå departementet i møte 12.11.2013, sak nr 054/13.

### HSUT-054/13 Vedtak:


Flora kommune kjem med følgjande uttale i høve Høyringsnotat: "Forslag til endring av 2. juni 1989 nr 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv (alkoholloven) og forskrift 8. juni 2005 nr. 538 om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholforskriften)":

1. Flora kommune sluttar seg til hovudendringane som er føreslegne i lov og forskrift.
2. Ei innføring av normerte reaksjonar på overtreding i høve gjeldande lov- og regelverk vil gjere handsaminga av slike overtredingar meir føreseieleg og lik ovafor løyvehavarane og mellom nabokommunar. Flora kommune sluttar seg difor til ei slik endring i regelverket.
3. Flora kommune sluttar seg til ei ordning med deling av gebyr til eit søknadsgebyr og eit omsetningsgebyr.  
Imidlertid gjer vi merksam på følgjande:  
Flora kommune er ein kommune med eit særst rikt og levande organisasjonsliv ute i grendene i distrikta. Store delar av inntekta til desse laga og organisasjonane kjem frå opne arrangement/konsertar/dansetilstellingar med mellom anna sal av alkohol. Desse søker då om einskildløyve, har skjenkeansvarlege som stettar vandelskrav, og gjer avtale med kommunen og politiet om ansvarleg vakthald og avvikling av arrangementet. Det vil verte svært belastande for desse laga/organisasjonane om ein så stor del av deira inntekt skal gå til å dekkje kommunale gebyr. Ofte er der ikkje snakk om fleire enn 50-150 deltakarar på desse arrangementa. Kommunen fastset sjølv søknadsgebyr for einskildarrangement i regi av frivillige lag og organisasjonar.
4. Flora kommune ser det som særst viktig at kunnskapsnivået er høgt hjå dei som skal kontrollere bransjen si handheving av alkohollova og forskriftene, og sluttar seg til forskriftsendring om at også kontrollørar skal ha gjennomført kunnskapsprøve i alkohollova.  
Eit krav om at kontrollane skal gjennomførast av to kontrollørar vil medføre stor

kostnadsauke for småkommunane, der summen av innkomne løyvegebyr kanskje ikkje vil dekke auka utgifter til to kontrollørar. Særleg ved kontroll av salsløyver kan det verke urimeleg at ein må ha to kontrollørar. Flora kommune ber difor om ei differensiering også her, slik at små kommunar kan fråvike kravet om to kontrollørar, særleg ved kontroll av salsløyver. Når det er 2 kontrollørar er det nok at den eine har gjennomført kunnskapsprøve.

5. Flora kommune ser det som fornuftig og hensiktsmessig at det stillast krav til seine skjenkekontrollar for skjenkestader som har ope etter kl. 23.00. Også i Flora ser vi at folk gjerne ikkje går ut på byen før etter midnatt. Men like hensiktsmessig som skjenkekontroll ein fredag eller laurdag kan det vere å gjennomføre slike kontrollar på dagar då ein veit at det vert avvikla større arrangement og at det dermed kan bli mykje folk ute på byen, til dømes 16. mai, sankthans, 2. juledag.

Med helsing

  
Møyfid K. H. Ellingsund  
Informasjonsleiar